



**ULSTEIN KOMMUNE**

## **SAKSFRAMLEGG**

---

Sakshandsamar: Arne Runar Vik

Arkivsak: 2007/1286

Løpenr.: 5051/2010

---

---

**Utvalsaksnr.**

**Utval**

**Møtedato**

Teknisk utval

Ulstein kommunestyre

---

Saka gjeld:

**BYGGESAKSGEBYR - ENDRING I FORSKRIFT OG REGULATIV**

**Tilråding frå Rådmannen:**

Kommunestyret godkjenner forskrift om gebyrregulativ for byggesaker m.m. med gebyrsatsar, begge dokument datert 11.05.2010. Iverksetjingsdato er 01.07.2010.

**Saksfakta:**

Vedlegg:

- 1 Gebyr for byggesaker m.m. - nytt heimelsgrunnlag pr. 01.07.2010
- 2 Gebyrregulativ for byggesaker m.m. gjeldande frå 01.07.2010
- 3 Gebyrsatsar frå 01.07.2010

**Samandrag av saka:**

Ny byggesaksdel til plan- og bygningslova vert innført frå 01.07.2010. Heimelen for gebyr etter gammal lov fell bort etter denne dato. Det er difor naudsynt å vedta forskrift om gebyrregulativ med vising til aktuelle paragrafar i den nye lova for å kunne krevje handsamingsgebyr etter 01.07.2010. Forskrifta legg opp til svært små reelle endringar i høve til den gjeldande forskrifta, jf. elles vedlegg – delegert vedtak frå teknisk sjef sak nr. 10/149 datert 11.05.2010.

Endring i forskrifta og i gebyrregulativet er kunngjort ved annonse i Vikebladet / Vestposten og på kommunen sine nettsider med høyringsfrist 29.05.2010. Eventuelle merknader vil bli lagt ved saka til politisk handsaming.

**Vurderingar og konklusjon:**

Saka har ikkje miljø- eller beredskapsmessige konsekvensar.

*Økonomiske konsekvensar:* Sakshandsamingsgebyra er ei svært viktig inntektskjelde for teknisk etat, og det er naudsynt at heimelsgrunnlaget for å krevje gebyr vert vidareført etter 01.07.2010. Gebyrsatsane vert hovudsakleg uendra, men saker som tidlegare kunne handsamast som melding, og som etter 01.07.2010 vert søknad, vil kunne få ein gebyrauke på inntil kr 581,-.

Ulsteinvik, 25.05.2010

Einar Vik Arset  
Rådmann

Elling Indresøvdde  
Teknisk sjef